

## – Eg hatar pengar!

Det hjelpte litt med besøk hos Hansen, men om kvelden er Kim i skikkeleg dårleg humør igjen. Før han legg seg bestemmer han seg for å ringa til mor. Kan hende ho veit kva konto er.

Mor synest det er eit rart spørsmål, for Kim har aldri vore interessert i konto eller bank før. Men det er klart han har ein konto, seier ho. Viss han vil, kan ho godt komma innom etter jobben i morgon, så kan dei sjå i nettbanken.

Nettbanken? Kva er det? Kim forstår ikkje. Er det ein heilt annan bank enn den store borte på Senteret? Mor seier at det er den same banken. Men han er på Inter-nett òg, og der kan ein sjå kor mykje pengar ein har.

Kim får nesten ikkje sova den kvelden. Han tenkjer på bankar og pengar. Og no er han lei. Han vil visa mor alt som er i glaset. Det er like greitt å bli ferdig med det.



Neste dag kjem mor. Ho trur at dei berre skal sitja og sjå på nettbanken på data. Men Kim har andre planar. Mor har så vidt komme inn i leilegheita, då han løftar glaset med myntane over hovudet. Så tømmer han alt utover golvet medan han ropar høgt: – EG HATAR PENGAR!

– *Hjelp! Kva er det du held på med?* spør ho sjokkert.

– *Eg held på å bli sprø,* seier Kim.

Og så fortel han om pengane han har samla i glaset, men ikkje får til å bruka. Om dama i banken, som berre sa vanskelege ord. Til slutt ser han på mor og seier: – *Kva er ein konto?*

Då forstår mor at dei må snakka saman. Ho tek av seg kåpa og trakkar over alle pengane.

– *Det er greitt å ha bankar. Dei kan passa på pengane våre så vi slepp å ha dei i eit glas,* seier mor.

